



# Harstad og omland mållag

Leiar: Magne Heide, Bergsvegen 29, 9475 Borkenes

Harstad 20.februar 2011

Til Språkrådet, Nynorsknemnda

## Fråsegn om Nynorsk 2011

Harstad og omland mållag har drøfta forslaget til nye rettskrivingsnorm for nynorsk som er lagt fram av Nynorsknemnda.

Vi kjem her først med noen innleiande kommentarar til mandatet og normeringsgrunnlaget. Deretter oppsummerer vi hovudsynspunkta våre.

I eit eige vedlegg har vi ein grundig gjennomgang av heile forslaget frå nemnda. Grunnlaget for kommentaren vår er tromsmål, tromsnormalen og nynorskbrukarane i Troms som vi har gjort greie for i eit eige punkt i vedlegget.

### I. LITT OM MANDATET OG NORMERINGSGRUNNLAGET

Når den nåverande rettskrivingsnemnda til Språkrådet har fått i oppgåve å lage ei "stram norm for nynorsk, utan sideformer" gjør det at ein må balansere på stram line.

Det er viktig at nynorsknorma tar omsyn til alle oss som til daglig skriv nynorsk. Og vi fins over heile landet, noen stader er det litt lenger mellom oss nynorskbrukarar enn andre stader, men denne geografiske spreininga er nynorsken sin styrke. Det er viktig for nynorsk som nasjonalt skriftspråk at den nye rettskrivinga speglar eit vidt geografisk område. Ei altfor stor innsnevring av norma, og med alt for lite vekt på geografisk spreiling vil vere eit tap for nynorsk skriftspråk.

Vi er derfor redd for at "kjøttvekta" til språkbrukarane vil føre til at former med låg bruksfrekvens vil stå lagelig til for hogg, og ein del av desse formene er det vi vil karakterisere som nordnorske. Vi ønsker derfor at desse formene får eit tilstrekkelig rom i den nye nynorsknorma.

Nynorsk skriftspråk har ikkje noko klart normsenter, og dette er både ein veikskap og ein styrke. Vi er redd for at ei oppheving av skillet mellom hovudformer og sideformer vil føre til at nye normsenter vil vekse fram og påverke den nynorske bruksnorma i uheldig retning.

Vi minner også om at det er viktig å ta omsyn til alle dei som lærer seg å bruke nynorsk gjennom sidemålsopplæringa i skolen. Vi trur likevel ikkje at ei innstramming av nynorsknorma vil ha noko å seie for innlæringa av eit godt nynorsk skriftspråk for bokmålsbrukarar. Vi trur ikkje at det er her hunden ligg begraven. Vi meiner at nynorsk som sidemål har vore gjenstand for populistiske og høgreliberale angrep som har til formål å fjerne nynorsk som sidemål heilt. Det er ikkje noko i kritikken mot sidemålsopplæringa som tyder på at det er noko gale med sjølv nynorsknorma. Kritikken rettar seg i staden mot ”det unyttige”, og ønsker med høgreliberalistisk demagogi å gjøre sidemålet ”valfritt” sjølv om det i dag ikkje fins valfag i den 13-årige grunnutdanninga.

Ei viss innstramming av nynorsknorma med fjerning av dei minst brukte og mest gammalmodige formene innafor rettskrivinga kan gje nynorsken ein viss moderne legitimitet. Men samtidig er det også viktig å ta vare på dei geografiske variasjonane som fins både i den nynorske skriftkulturen og i talemåla. Den beste motivasjonen for nynorsk sidemål er nettopp å vise at nynorsk tar vare på talemålsgrunnlaget også i område der bokmål er hovudmål i skolen.

Vi må også kort få kommentere grunlagsmaterialet til nemnda. Dette omfattar i stor grad eit skriftkorpus som dessverre ikkje godt nok tar omsyn til dei nordlendingane som har brukt og som brukar nynorsk til daglig. Dermed kan det sjå ut til at nemnda, trass i at ho har habile nordnorske nynorskskrivarar med, er for snever i sitt syn på ka som faktisk er den nordnorske nynorsken.

Vi har derfor i eit eige vedlegg lagt ved ei kort undersøking av tre nynorskforfattarar frå Troms. I denne delen gjør vi også nærmare greie for kva vi legg i omgrepene ”**tromsnormal**” og vi antydar også ka slags former som har heimel i **tromsmål**.

## **II. HOVUDSYNSPUNKTA VÅRE**

### **1. Former som bør gå ut:**

Nynorsknemnda har gått inn for å **ta ut** ein del former av rettskrivinga. **Vi er einige** i dei fleste forslaga frå nemnda, det gjeld bl.a. desse viktige forslaga:

- A. **Fleire vokalformer blir tatt ut, bl.a. y** (\*ei bytte, \* bylgje), **i** (\*ikorn, \*lippe, \*smikk), **e** (\*serleg, \*hêr), **jo** (\*bjode, \*ljod, \*skjote) **og u** (\*fumle, \*ukse, \*sume).
- B. **Fleire former med enkel konsonant blir tatt ut** (\*røme, \* tøme, \* slud, \*papa).

### **C. Dei fleste i-formene blir tatt ut:**

- I-forma i sterkt hokjønn blir tatt ut (**brua/\*bru**i).
- I-forma i inkjekjønn blir tatt ut (**husa/\*hus**i).
- I-forma i adjektiv på **-en** blir tatt ut (**eit lite/\*liti** hus).

I-forma i perfektum partisipp er òg foreslått tatt ut, ho har ikkje noko stønad i tromsmål, men vi registrerer at ho er svært utbreidd elles (**har vore/\*har vori**).

### **2. Former som bør komme inn:**

Nynorsknemnda har også foreslått å **ta inn** ein del former, og **dette står vi også**. Det gjeld bl.a. desse viktige områda:

- D. **g og k blir likestilt med gj og kj i ord som bølge/bølgje og ønske/ønske.**
- E. **Blanda bøyning (-a/-te) av svake verba (bruka / brukte) blir tillatt.**
- F. **Noen enkeltord er tatt inn, bl.a. svømme.**

### **3. Former og ord som ikkje bør tas ut av rettskrivingsnorma:**

På 33 punkt er vi derimot **ueinige i forslaga** frå nemnda, nærmare oversyn fins i vedlegget vårt. Vi er særliig bekymra for fleire av forslaga som omfattar store ordgrupper og som vil gjøre det vanskelig å skrive ein nordnorsk nynorsk. Dei viktigaste gjeld **valfrie formene** som er foreslått tatt ut, men som vi ønsker å behalde. Her er det særliig **fem sentrale punkt** som vi sterkt oppmodar nemnda til å endre på:

- G.** Vi ønsker å behalde monoftongar i ei rekke ord der nemnda foreslår å fjerne desse, som f.eks. drøm, strøm, trøtt, flom, flomme, drømme, flømme, glømme, gjømme, strømme, røst, røste, trøst, trøste høre, kjøre, mør, skjør, ør, øre, dø, trøtt.
- H.** Vi ønsker at j-verba framleis skal kunne bøyas med –te i preteritum (*valte, selte*) på lik linje med *fortalte, talte o.fl.*
- I.** Vi ønsker også at e-verba framleis skal kunne bøyas med –te i preteritum (*hengte, sendte, gjømte*)
- J.** Vi ønsker å behalde ei rekke vokalismar i enkeltord som nemnda foreslår å ta ut, bl.a. *fremmend, hjerte, vold, volde, holdning, male, skole, dråpe, tåle, tålmod, skynde, gjøre, mye, sia*.
- K.** Vi ønsker å behalde suffikset **–lig** i adjektiv og adverb (*dårlig*) og suffikset **–øra** (*langøra*).

Det er også ein del andre område der nemnda vil ta ut ord og former, men som vi ønsker å behalde:

- L.** Vi ønsker å behalde konsonantsambanda i fleire enkeltord som nemnda foreslår tatt ut, bl.a. *koppar (m), sett (v), sitt (v), satt (v)*. Det same gjeld desse enkeltorda: *børse (spare-), sjappe, skrue (v, vriar, ørsk.*
- M.** I ein del enkeltord ønsker vi å behalde valfrie former, bla. desse fleirtalsformene: *feil/feilar – feila/feilane; skoa/skoane; lus/luser; mus/muser; mil/miler;* og desse enkeltorda: *mast/master; rakst/rakster.*
- N.** Vi ønsker å behalde **–a (ei jente)** som likestilt form i ubestemt form eintal av svake hokjønnsord og gje fleirtal på **–or, -one (jenter/jentor – jentene/jentone)** ein sjanse som likestilte former.
- O.** Vi ønsker at determinativ-formene *hennes, noen, noe og annen* skal bli ståande i rettskrivinga.
- P.** Vi ønsker at refleksiv-forma med **–s (finnas)** blir ståande i rettskrivinga.

Eit par enkeltord meiner vi nemnda kan ta ut:

- Q.** Vi ønsker å ta ut *so, jarn, spjut, sumar, skule* og **gjøre** *så, jern, spyd, sommar, skole* til eineformer.

### **4. Tillegg som vi foreslår bør komme inn:**

Vi foreslår i tillegg også å ta inn ein del **nye ord og nye kjønn og nye bøyinger** i rettskrivinga:

- R.** Vi foreslår desse **nye ord**: *ei krøkebær, ei drikke, ei tynne, ein brynn, sny (m), snye (v), fjær (f), ei lenke, ei rekkevidde, å vrenge, ein vorr, ein kvesme, ein tit(t)ing, ei kjerke, eit hode/hau, bortrast, nordst, sørst, ytrast, attfor, framfor, nedfor, og ikkje minst pronomenet dåkker og spørreorda kem og ka, og dessutan kor som stadadverb ved sia av kvar.*
- S.** Vi foreslår også at det blir alternativt hokjønn i desse ord: *ei glugge, ei kagge, ei klaffe, ei måse.*
- T.** Vi foreslår dessutan at samsvarsbøyinga i inkjekjønn av sterke verb får valfri form på **–ent**: *Vatnet er frosent og eit frosent bær.*

### **III. AVSLUTNING OG OPPMODING**

Vi håper rettskrivningsnemnda diskuterer særleg dei 33 punkta der vi er ueinige i forslaget. Vi ser det som viktig at flest mulig av dei blir retta opp, særleg gjeld dette bøyningssystem og ordgrupper som omfattar fleire ord, men òg høgfrekvente og ”markerte” ord.

**Vennlig helsing  
Harstad og omland mållag**

*Magne Heide, leiar*

Vedlegg: Skriv frå Harstad og omland mållag, 20. februar 2010: *Nynorsk 2011*



# *Harstad og omland mållag*

Leiar: Magne Heide, Bergsvegen 29, 9475 Borkenes

---

Harstad 20.februar 2011

Til Språkrådet, Nynorsknemnda

## **Nynorsk 2011**

Nedfor følger ein detaljert kommentar til forslaget til ny nynorsk-rettskriving frå Språkrådet si rettskrivningsnemnd. Dei tilfella der vi er ueinig i nemnda sine forslag og der vi ønsker endringar, er markert med fortløpande nummereringar (1) t.o.m. (33).

Vi håper rettskrivningsnemnda diskuterer særlig dei 33 punkta der vi er ueinige i forslaget. Vi ser det som viktig at flest mulig av dei blir retta opp, særlig gjeld dette bøyingsystem og ordgrupper som omfattar fleire ord, men òg høgfrekvente og "markerte" ord.

## **I. KOMMENTARAR TIL NORMERINGS-FORSLAGET**

### **Teiknforklaring:**

- \* = ord som er foreslått tatt ut av rettskrivinga
- raudt** = viktige "nordnorske" nynorskord som er foreslått tatt ut av rettskrivinga, eller som nemnda ikkje har tatt med, men som vi foreslår blir ståande i rettskrivinga eller tatt inn som nye ord.
- blått** = "nordnorske" nynorskord som blir ståande i rettskrivinga
- [klamme]= tidligare sideformer i rettskrivinga
- (tal)** = dette markerer 33 tilfelle der vi er ueinige i nemnda sine forslag eller der vi ønsker at nye ord, nye kjønn eller bøyingsformer skal takas inn i norma.

## 2.LYDVERKET

### 2.1 VOKALISME

Generelt vil vi seie at nemnda har komme med fleire gode forslag, men vi er litt redd for ein del ord som er valfrie. I tillegg er her ei rekke med forholdsvis høgfrekvente ord som vi ønsker å behalde i norma, og ikkje ta ut slik nemnda foreslår.

#### 2.1.1 Variasjon mellom to vokalar

a – e: Vi er litt usikre på formene *annen* og *bare*. Den første (*annen*) er i samsvar med tromsmål, men lite brukt, mens *bare* er ei moderne talemålsform for "bære" som òg er mykje brukt i tromsmål. Den siste forma ("bære") er lett å normalisere til *berre*.

Vi står forslaget om å behalde *arve* og *spennande* som likestilte sideformer.

(1) Vi foreslår at forma *jarn* går ut, ho er ikkje i samsvar med tromsmål, *jern* bør vere eineform.

(2) Men vi ønsker at desse formene blir ståande i nynorsknorma: *fremmend*, *hjerte* og ikkje takas ut slik nemnda foreslår. Dette er einerådande former i tromsmål.

a – o: (3) Nemnda foreslår å ta ut sideformene *vold*, *volde* og *holdning*. Desse tre formene ønsker vi å behalde fordi dei samsvarar med tromsmål.

a – æ: Vi står forslaget om å gjøre desse orda til eineformer: *arr*/\*ær, *stær*/\*star sia dei er i samsvar med tromsmål.

a – å: I tromsmål finn vi former både med *a* og *å* i desse orda: *aleine/åleine*, *klar/klår*, *da/då* *trave/tråve* (med litt ulik tyding), og vi står derfor forslaget om å behalde begge formene.

I tromsmål er *a* rådande i desse orda som er likestilte eller eineformer: *allmenn* / ålmenn, *drap* /\*dråp, *forklare* /forklåre, *skap*/skåp.

(4) Men i dette ordet er *a* einerådande i tromsmål: *male/måle*, og vi foreslår derfor å behalde *male* som likestilt form.

e – i: I tromsmål er *a* einerådande i ord som: *ekorn*, *leppa*, *smekk(e)*, *tre*, *venstre*, og vi står derfor forslaget om å ta ut formene med *i*.

e – æ: I tromsmål er *æ* einerådande i ord som *hær (m)* og *særlig*, og vi står derfor forslaget om å ta ut formene med *e*.

Det er uproblematisk å normere *æ* til *e* i desse orda: *frese*, *gjete*, *kremmar*, *kresen*, *kvensk*, *kvese*, *sete*, *seter*, *skremme*, *sprek*, *strene*, som nemnda har foreslått som eineformer.

(5) Vi foreslår å ta inn ordet *krøkebær* som valfri form til *krekebær*. Dette er i samsvar med tromsmål.

i – y: I tromsmål er det *i* som rår, ofte senka til *e*. Vi står forslaget om å ta ut *y*-forma slik at *klippe* blir eineform.

(6) Vi foreslår at *drikke* blir ny likestilt form til *drikk*, og at *drykk* blir tatt ut. I tromsmål heiter det ofte "ei drekka" (med senking av *i* til *e*).

#### jo – y, jo – ju, (jo-ø):

Vi står forslaget om at former med *jo* blir tatt ut i ord som *bjode*, *ljod*, *ljos*, *skjote*, slik at *byde*, *lyd*, *lys* og *skyte* blir eineformer.

(7) Vi ber nemnda vurdere om ikkje *ju/jo* bør takas ut i *spjut*/\**spjot* og gjøre *spyd* til eineform for å få meir konsekvens.

o – u: I ein del tilfelle har tromsmål *o*, og vi står derfor nemnda i å ta ut *u*-former i ord som *buble*, *fumle*, *ukse*, *sumle*, *sume*, *snurke* og gjøre desse til eineformer: *boble*, *fomle*, *okse*, *somle*, *somme*, *snorke*. Forma *knopp* må også bli stående som likestilt form med *knupp*. Det same gjeld mogleg / muleg (sjå kommentar om former på –lig).

I andre tilfelle har tromsmål *u*, og vi står nemnda i å ta ut *o*-forma i *jol*. I samsvar med dette står vi også forslaget om å la *stue* bli stående som likestilt form med *stove*.

(8) Vi meiner at **sommar** må bli eineform. Dette er i samsvar med tromsmål og vil også skape meir konsekvens i vokalismen.

(9) Vi kan ikkje støtte at forma **skole** blir tatt ut slik at **skule** blir eineform. Dette ordet er høgfrekvent, og forma **skule** blir sett på som eit klart ikkje-nordnorsk ord og som eit markørord med eit klart vestnorsk preg. Vi meiner at forma **skole** må bli eineform for å skape meir konsekvens i vokalismen.

o – ø: Nemnda har ein del lågfrekvente ord der dei foreslår å ta bort o-forma (*gor, snor*) og behalde ø-forma (*gørr, snørr*) og omvendt (*dorg/\*dørg*). Vi er meir opptatt av at desse to orda får stå i norma: *høvding, strøk* som likestilte former til *hovding, strok*.

o – å: I dei fleste tilfella har tromsmål å, og vi står derfor forslaget om å la å stå som eineform eller likestilt form i desse orda: *bråte, flåte, no/nå*. Når det gjeld tidsadverbet, er dei vanlige formene "no" og "nu" i tromsmål, men "nå" er også på frammarsj blant ungdommen. Vi står derfor forslaget om å halde på begge desse adverba.

(10) Vi er ueinige med nemnda i at *so* og *så* blir likestilte. Vi meiner at *so* bør bli tatt ut av norma, og at *så* blir eineform.

(11) Vi er ueinige med nemnda i at å-forma blir tatt ut i desse to orda: **dråpe, tåle, tålmod**. I begge tilfella er å-forma einerådande i tromsmål: "*dråpe, tåle, tålmod*". Vi foreslår derfor at **dråpe, tåle** og **tålmod** blir stående som likestilte former i norma.

u – y: I tromsmål er *y* dominante eller einerådande i desse orda: *skyve, dukkar/dykkar, krubbe/krybbe, lukke/lykke, skuld/skyld, sydfrukt/\*sudfrukt, tynn/\*tunn, mens det kan vere både *y* og *u* i skyve/skuve* (den første helst blant yngre folk). Vi ønsker derfor at desse formene skal stå som likestilte former slik nemnda foreslår.

(12) Vi er ueinige med nemnda i at *skunda* skal bli eineform, og *skynde* takas ut. *y*-forma er einerådande i tromsmål, og **skynde** bør derfor behaldas som likestilt form.

u – ø: I tromsmål er formene med ø rådande: *brunn/brønn, kløft/\*kluft, søndag/sundag, tørke/turke, tørr/turr*, og vi står derfor forslaget om å behalde desse formene. Sjå meir om *brønn nedfor*.

y – ju: Her ønsker vi å behalde formene *lyge* og *sjuke* som likestilte former slik nemnda foreslår.

y – ø: Vi ser positivt på at fleire *y*-former går ut. I tromsmål er ø-formene dei dominante: *bør/byrde, bytte/bøtte, bølgje/bylgje (sjå kommentar nedfor), drønne/drynze, først/fyrst, følgje/fylgje, gløtte/\*glytte, grøsse/grysje, kløppar/\*klyppar, løfte/lyfte, mylnar/mølnar, nykel/nøkkel, næste/nyste, stønne/stynje, støtte/\*stytte, støl/\*styrd, søsken/sysken, sølv/sylv, tøtte/\*tytte, vørde/vyrde, ønske/ynskje*.

Vi står forslaget om å ta inn forma *svømme* i norma.

(13) I tromsmål heiter det "*ei tynna*", og vi foreslår derfor at dette ordet (**ei tynne**) ikkje blir tatt ut. Det heiter også "*ein brynn*", og vi ber nemnda vurdere å ta inn **ein brynn** i norma også. Slik kan det bli samsvar mellom dei to orda. På same vis bør også verbet **snye** og substantivet **sny** (m) takas inn i rettskrivinga.

æ – ø: æ-forma er einerådande i tromsmål i desse orda: *å fjære, ei fjæra*. Dei må derfor behaldas i norma som likestilte former.

(14) På lik linje med *å fjære, ei fjæra* bør også **ei fjær** takas inn som likestilt form i nynorskrettskrivinga.

## 2.1.2 Diftong eller monoftong

Generelt må vi seie at monoftongar er den rådande forma i tromsmål, og vi har derfor store innvendingar mot fleire av forslaga frå nemnda.

Vi står nemnda som ønsker å ta ut diftongar og monoftongar i desse tilfella (\* er former som blir tatt ut, blått markerer tromsmål):

ei/e: *greve/\*greive, peike/\*peke*

au/o +m: *taum/\*tom (sjå kommentar nedfor)*

<u>au/o:</u>	<i>tau</i> /*tog
<u>au/ø + andre:</u>	<i>løp</i> /*laup
<u>au/o + andre:</u>	<i>tau</i> /*tog, <i>trau</i> /*trog
<u>øy/ø:</u>	<i>tøy</i> /*ty

Vi står nemnda som ønsker å behalde likestilte former med diftongar og monoftongar i desse tilfella:

<u>ei/e:</u>	<i>leist/lest</i> , <i>meiske/meske</i> , <i>peik/pek</i> , <i>sleisk/slesk</i>
<u>au/ø + andre:</u>	<i>lauk/løk</i> , <i>daud/død</i> , <i>dauv/døv</i> , <i>naud/nød</i>
<u>au/o + andre:</u>	<i>jau/jo</i> , <i>raun/rogn</i>
<u>øy/ø:</u>	<i>strø/strøy</i> , <i>tø/tøye</i> ( <i>ulike tydingar</i> )

Vi står nemnda sitt forslag om å likestille *jau/jo*.

(15) Vi ønsker sterkt å halde på likestilte former med monoftongar i desse orda, i samsvar med tromsmål, tromsnormalen og nordnorske nynorskforfattarar:

<u>au/o + m:</u>	<i>flaum/flom</i> , <i>flaume/flomme</i> , <i>fortaum/fortom</i> , <i>taum/tom</i>
<u>au/ø + m:</u>	<i>draum/drøm</i> , <i>straum/strøm</i>
<u>øy/ø + m:</u>	<i>drøyme/drømme</i> , <i>fløyme/flømme</i> , <i>gløyme/glømme</i> , <i>gøyme/gjømme</i> , <i>strøyme/strømme</i> og ord som byggjer på desse
<u>au/ø + st</u>	<i>raust/røst</i> , <i>rauste/røste</i>
<u>øy/ø + st:</u>	<i>røyst/røst</i> (f), <i>røyste/røste</i> (v), <i>trøyst/trøst</i> , <i>trøyste/trøste</i>
<u>øy/ø + r:</u>	<i>høyre/høre</i> , <i>køyre/kjøre</i> , <i>møyr/mør</i> , <i>røyr/rør</i> , <i>skøyr/skjør</i> , <i>øyr/ør</i> (sandbanke), <i>øyre/øre</i> (v+n)
<u>au/ø + andre:</u>	<i>dau/dø</i>
<u>øy/ø + andre:</u>	<i>døy/dø</i> , <i>trøytt/trøtt</i>

## 2.2 KONSONANTISME

Generelt vil vi understreke at tromsmål har ein utstrekkt bruk av lang konsonant ("dobel konsonant"), og vi ønsker derfor å ha flest mulig ord med dobbel konsonant. Det er også pedagogisk vanskelig å lære seg i ka slags tilfelle lang konsonant skal skrivas som enkel konsonant i nynorsk. I tillegg har tromsmål nesten aldri j-lyd i ord som *tenke*, ønske m.m.fl. Former med heimel i tromsmål er markert med **blått** nedfor.

Vi står nemnda sitt forslag om å ta ut fleire ord frå norma (her markert med \*):

<u>d/dd:</u>	<i>bedd</i> /*bed (Men dette ordet er hankjønn i tromsmål i tydinga avgrensa jordstykke til å så eller plante i)
<u>g / gg:</u>	<i>nag</i> /*nagg (n.)
<u>k / kk:</u>	<i>kikkert</i> /*kikert (m)
<u>m / mm:</u>	<i>plomme</i> /*[plome], <i>ramme</i> /*[rame], <i>rommet</i> /*[romet], <i>romme</i> /*[rome], <i>rømme</i> /*[røme] (v), <i>skummet</i> /*[skumet], <i>skumme</i> /*[skume], <i>stamme</i> /*[stame], <i>stramme</i> /*[strame], <i>somme</i> /*[sume], <i>tamme</i> /*[tame], <i>tømme</i> /*[tøme]
<u>n / nn:</u>	<i>danne</i> /*dane, <i>dønn</i> /*døn, <i>drønn</i> /*drøn, <i>stønn</i> /*støn, <i>trinn</i> /*trin
<u>p / pp:</u>	<i>pappa</i> /*papa, <i>rapp</i> /*rap
<u>s/ss:</u>	<i>boss</i> /*bos, <i>flass</i> /*flas, <i>jåss</i> /*jås, <i>kompass</i> /*kompas

<u>t/tt:</u>	<i>gatt/*gat, kott/*kot, let/*lett, nett/*net, nøtt/*[not]</i>
<u>d / 0:</u>	<i>speide/*speie, speidar/*speiar</i>
<u>d / t:</u>	<i>flid/*flit, mot/*mod, mote/*mode, radt/*[ratt], sludd/*slud</i>
<u>g / 0:</u>	<i>bøyning/*bøygning, dryge/*drye</i>
<u>sl/tl:</u>	<i>rasle/*ratle, skusle/*skutle</i>

Vi står også fullt ut nemnda sitt forslag om å likestille fleire ord i norma:

<u>k / kk:</u>	<i>fok/fokk, gnike/gnikke, kike/kikke, kjøken/kjøkken, lek/lekk, lok/lokk, mørk/mørkk, røk/røkk, slak/slakk</i>
<u>m / mm:</u>	<i>brudgomen/brudgommen; -dom/-dommen; forsøme/forsømme; fremje/fremme; hamar/hammar; kome/komme, lomen/lommen; medlemen/medlemmen, ørme/sømme; domen/dommen, domar/dommar, dømme/dømme, gamal/gammal, lame/lamme, rømme/rjome, m, sumar/sommar, temje/temme</i>
<u>n / nn:</u>	<i>bøn/bønn, løn/lønn (f.); mon/monn (m.); skjøn/skjønn (n.); ven/venn, venje/venne</i>
<u>s/ss:</u>	<i>gissen/gisen, glissen/glisen, vissen/visen</i>
<u>t / tt:</u>	<i>brot/brott, kjøtt/kjøtt, krøter/krøtter, lut/lott, set/sett, setje/sette, sitje/sitte, skit/skitt, skiten/skitten, skot/skott, skott/skut (i båt), utbyte/utbytte, vit/vett, vite/vete, vitug/vettug/vitig/vettig</i>
<u>d / 0:</u>	<i>mo/mod (adj)</i>
<u>d / t:</u>	<i>tidt/titt</i>
<u>g / 0:</u>	<i>sti/stig (stig står i klammer [stig], og det er uvisst kva dette tyder), truge/true, trugsel/trussel</i>
<u>sl/tl:</u>	<i>esle/etle, fasle/fatle, pusle/putle, skrasle/skratle, susle/sutle, tasle/tatle, tusle/tutle</i>

(16) Desse formene med dobbel konsonant ønsker vi å beholde i norma, og ikkje ta ut slik nemnda foreslår:

<u>p / pp:</u>	<i>kopar/*koppa (m)</i>
<u>t / tt:</u>	<i>set/sett (v), sit/sitt, sat/satt</i>

## 2.3 PALATAL SKRIVEMÅTE. FORMER MED OG UTAN J ETTER G OG K

Generelt må vi seie at former utan palatal uttale (etter g og k) er rådande i tromsmål. Vi er derfor glad for at nemnda foreslår å ta inn former med g og k der gj og kj før har vore eineformer, både utifrå talemålsgrunnlaget men også for å få konsekvente former på alle områda. Det er også viktig å halde på den valfreiheit som i dag fins på dette området og ikkje innsnevre ho. Nemnda foreslår å ta inn desse formene der det i dag ikkje er slik valfreiheit:

<u>gi / g:</u>	<i>bølgje/bølge, følgje/følge, sveglje/svelge, sørge/sørge</i>
<u>ki / k:</u>	<i>ønske/ønske</i>

## 2.4 SKRIVEMÅTEN AV EIN DEL ENKELTORD

I fleire enkeltord foreslår nemnda å ta ut enkeltord av norma. Vi står dette forslaget, som gjeld bl.a. desse orda (former som samsvarar med tromsmål er markerte med blått, ord som skal ut, er merka med \*):

<u>Enkeltord:</u>	<i>eittøre/*einøre, forkle/*forklede, frisørsalong/*frisersalong, føflekk/*fødeflekk, galskap/*galenskap, gjerrig/*gjerug, handkle/*handklede, herberge/*herbyrge, holme/*holm, idrett/*idrott, lealaus/*led(a)laus, lerret/*lereft, middel/*medel-*(klasse), middels/*medels (adj), midd/*mit, modig/*motig, modig/*motig, more seg/*moroeg seg, nashorn/*nashyrning, , nysn/*nos(n), *ostre/østers, pinse/*pins, pode/*pote (v), pols/*polisk (dans), sjappe/*sjapp, sjukling/*sjuking, skjærtorsdag/*skirtorsdag, skjøtte/*skøyte, skramme/*skråme, skrog/*skrov, skrue/*skruve (m), slette/*slett (f), sluntrø/*slunte, sprell/*sprel, sprelle/*sprele, tips/*tipp, tommelfinger/*tumarsfinger, trøndersk/*trøndsk, tørkle/*tørklede (m), utdanna/*utdana,</i>
-------------------	--

**utstrekkt**/\*utstrakt, **utvortes**/\*utvertes, **veikje**/\*vækje (=jente), **vri**/\*vrid, **vrien**/\*vriden (adj), **åkle**/\*åkleder

I ei rekke enkeltord foreslår nemnda likestilte former. Vi står dette forslaget, som gjeld bl.a. desse orda (former som samsvarar med tromsmål er markerte med **blått**, ord som skal ut, er merka med \*, former som er svært viktige å behalde er **understrekka**):

**Enkeltord:** **begge**/båe, **bilde**/bilete, billeg/**billig**, blom/blome/**blomster**, brud/**brur**, **derfor**/difor, **dermed**/dimed, **dernest**/dinest, dess/di, **dessverre**/diverre, dvelje/**dvele**, døyeleg/**dødeleg** [jfr merknad nedfor om forma –leg/lig], døger/**døgn**, **eigentleg**/eigenleg, fiendsleg/**fiendtleg**, frakk/**frakke**, fremje/**fremme**, fryd/**frygd**, fure/furu [tromsmål: "fårra"], geisp/**gjesp**, glugg/**glugge**, gremje/**gremme**, hakkels/hakkelse, harm/**harme**, hemme/**hemje**, hems/**hemse** (m), hjå/**hos**, hoft/**høfte**, lue/luve/hue/**huve**, kagg/**kagge**, kjel/**kjele**, kjerold/kjørel, **kylling**/kjukling, **kjærast**/kjæraste, klaff/**klaffe**, klode/klote, **knagg**/knagge, knok/**knoke**, knut/**knute**, kran/**krane**, krik/**krike**, kross/**kors**, **kusma**/kusme, køy/**køy** (f), led/**ledd**/lekk, **lege**/lækjar, **leie**/lægje (n), lekkje/**lenkje**, line/**linje**, **lynne**/lynde, **makk**/mark, marimess/**marimesse**, medan/**mens**, misse/**miste**, **moden**/mogen, **modne**/mogne, **mue**/muge, måke/**måse**, nyss/nyst, **ongel**/**angel** [tromsmål: "ångå/angel"], ovtru/overtru, **penge**/peng, pinn/**pinne** (m), rabb/rabbe (berg-), **ramsvart**/ramnsvart, **rein**/reine (åker-), reis/**reise**, **rekkevidd**/rekkevidd [i tromsmål kan dette ordet også vere svakt hokjønnsord: "ei rekkevidda"], rip/ripe (båt-), rydde/**rydde**, **rygge**/ryggje, **røye**/røyr (fisk), samvær/**samvære**, sen/**sene**, sipet/sipete/siput [tromsmål: "sipat, sipåt"], **skar**/skard (fjell-), \*skilaupar/**skiløpar**/skiløypar, skir/**skjær**, /\*skjeggjet(e)/\*skjegg(j)ut/skjegget/skjeggete/skjeggut [tromsmål: "skjegget/skjeggåt"], skodd/**skodde**, **skygge**/skugge, **skur**/skurd, **skår**/skåre (ljådrag), skårung/**skårunge**, slir/**slire**, **snekke**/snekke (båt), **snerk**/snerke, **snitt**/snitte, **sno**/snoe (v), snurrebass/**snurrebasse**, snut/**snute**, snø/**snøe** (v), star/stare (fugl), **stebarn**/stykbarn, stiftelse/stifting, snut/**snute**, stugg / **styggi**, stuve/**stue**(v), stylte/styltre, sul/suvl (n, kjøtmat), svevn/**søvn**, **svimle**/svimre, **svor**/svord, **tagg**/tagge (sinna-), tallerk/**tallerken**, **tass**/tasse (m), **teist**/teiste (fugl), testament/**testamente**, tilhengjar/**tilhengar**, **tjære**/tjøre, tore/**torne** (v), trikk/**triks**, van/**vant** (adj).

I ein del tilfelle foreslår nemnda å ta ut enkeltord, her er vi ueinige i forslaget frå nemnda:

**korleis:** Formene korleis/koss/hoss/hossen kan gjerne forenklas til berre korleis sjølv om tromsmål mest brukar forma "korsen", men "korleis" er ikkje ukjent form i tromsmål.

**Enkeltord:** (17) Eit par enkeltord som nemnda foreslår å ta ut av norma, meiner vi må behaldas sia dei fins i tromsmål. Det gjeld desse orda:

bøsse/**børse** (spare-), gjere/**gjøre**, mykje/**mye**, sidan/**sia**, sjapp/**sjappe**, å skru/**skrue** (v), **vriar**/vridar, **ørsk**/ørskens (adj).

Vi ønsker særlig at dei to høgfrekvente orda **gjøre** og **mye** blir behalde som likestilte former. Tromsmål har både "gjere / gjøre" og "mykje / mye". Dei siste formene er mest brukt blant yngre. I tillegg ønsker vi at **sia** blir behalde i norma, dette er den einaste forma i tromsmål.

**Enkeltord:** (18) I fleire tilfelle foreslår vi at det blir tatt inn nye ord, skriveformer eller kjønn som likestilte former:

**ei glugge**, **ei kagge**, **ei klaffe** er hokjønn i tromsmål (dei kan også vere hankjønn, men det er sjeldnare), hokjønnsformene bør vere likestilt med hankjønnsformene i nynorsknorma.

**hode** eller **hau** må komme inn som likestilt med **hovud**, desse orda er einerådande i tromsmål og fins også i store delar av landet elles.

**ka** og **kem** er svært vanlig i tromsmål og elles i landsdelen, og dei bør derfor takas inn i nynorsknorma. Dette vil også skape samsvar med former med **k-** i ord som: **korfor**, **korleis**.

**kjerke** må komme inn som likestilt med **kyrkje**, kjerke er einerådanda i tromsmål og store delar av landet.

**kor** må komme inn som stadadverb likestilt med *kvar*, også i uttrykk som *kor som helst / kvar som helst*.

**ein kvesme** er svært vanlig i tromsmål og bør likestillas med *veps/kvefs*.

**lenke (f)** (utan *j*) bør likestillas med *lenkje*. Forma *lekkje* kan evt takas ut.

**ei måse** (dialekt: "ei måsa" blir ofte brukt i tromsmål ved sia av *ein måse*, og hokjønnsforma bør derfor takas inn som likestilt form i nynorsknorma.

**rekkevidde (med -e)** bør likestillas med *-vidd*.

**sny** og **å snye** (-r, -dde, -dd) er så vanlig i tromsmål at ordet bør likestillas med *snø (m)* og **å snø** (*v*) og takas inn i norma.

**titing** eller oftere **titting** er svært utbreidd og vanlig brukt i tydinga "småfugl" i tromsmål og bør likestillas med *tit/tite*.

**vorr (m)** er vanlig i tromsmål og bør likestillas med *vor (m)*.

**vrenge** (utan *j*) og **renge** (utan *j*) er vanlig i tromsmål, og **vrenge** bør derfor likestillas med *vrengje, renge*.

## **2.5 NOEN PREFIKS OG SUFFIKS MED VALFRIHEIT**

### **2.5.1 FORE- ELLER FØRE-**

Vi står forslaget om å likestille *føre-/for(e)* i ord som *foredrag / føredrag, forarbeid/førearbeid*. Tromsmål har mest *for(e)-*, men også *føre-* blir brukt.

### **2.5.2 –STELLE ELLER -STILLE**

Vi står forslaget om å likestille *-stelle/-stille* i ord som *framstelle/framstille, jamstelle/jamstille*. Tromsmål har både *-stelle* og *-stille*, det første mest hos eldre det siste mest hos yngre.

## **NOEN SIGNALORD**

Nemnda har i ei tidligare innstilling markert ut noen signalord. Desse er drøfta lenger fram og bak i dette dokumentet, og i fleire av tilfella er vi ueinige med nemnda:

**berr/\*bar:** Tromsmål har mest "bær, bærr (bærrhua)" som kan normaliseras til *berr*. Sjå 2.1.1 (a-e)

**berre/\*bare:** Tradisjonelt tromsmål har "bære, bærre" som kan normaliseras til *berre*. Sjå 2.1.1 (a-e)

**da/då:** I tromsmål finn vi begge formene, både *da* og *då*. Sjå 2.1.1 (a-å)

**køyre/\*kjøre:** Den enerådande forma i tromsmål er ***kjøre***, og vi har derfor anbefalt at ho blir ståande i norma. Sjå 2.1.1 (ø-øy) – merknad (15)

**mykje/\*mye:** Sjå 2.4. – merknad (17)

**no / nå:** Sjå 2.1.1 (o-å)

**nokon/\*noen:** Sjå merknad (22)

**skule/\*skole:** Sjå 2.1.1 (o-u) – merknad (9)

**so / så:** Sjå 2.1.1 (o-å) – merknad (10)

## **3.FORMVERKET**

### **3.1.SUBSTANTIV**

Generelt vil vi understreke at tromsmål har ei ukomplisert bøying av substantiv, og vi ser derfor positivt på å forenkle bøyningssystemet i så vel gamle i-stammer og o-stammer som å fjerne i-formene i sterke hokjønnsord og fleirtal av inkjekjønnsord. Ei forenkling av bøyningssystemet for dei tre orda *auge, hjarte, øyre* er også velkommen.

#### **3.1.1. HANKJØNNSORD I FLEIRTAL**

##### **Gamle i-stammer:**

Nemnda foreslår valfri bøying (*ar/er – ane/ene*). Denne ordgruppa har jamt over regelrett bøyning i hankjønn i tromsmål med *-a, -an*: "benka – benkan; vegga – veggan". Vi ser det derfor som ein fordel om desse orda også følger hovudregelen for bøyning av hankjønnsord.

##### **Hankjønnsord på *-nad / -a*:**

Nemnda foreslår også her valfri bøying (*ar/er – ane/ene*). I dag er hovudforma med *-er/-ene* i desse orda. Vi ser det som ein fordel at desse orda også blir bøydd med *-ar, -ane*, som samsvarar med formene i tromsmål: "sohaar/sofaa – sofaan".

#### **3.1.2. STERKE HOKJØNNSORD I FLEIRTAL**

##### **Gamle o-stammer:**

Desse har i dag hovudform med *-ar, -ane*, og sideform med *-er, -ene*. Nemnda foreslår å likestille desse bøyingsformene. I tromsmål har desse blant ein del eldre folk fleirtalsformer med *-a* og *-an*: "myra - myran", men blant yngre er det jamt over berre former med *-e* og *-en*: "myre - myr'n". Vi rår derfor til at bøyingsformene *-er* og *-ene* får ein sterkare plass, gjerne som eineformer.

#### **3.1.3. BUNDEN FORM EINTAL AV STERKE HOKJØNNSORD OG BUNDEN FORM FLEIRTAL AV INKJEKJØNNSORD**

##### **Bestemt form eintal sterke hokjønnsord:**

Vi er glade for at i-formene nå blir tatt ut. Dei har ikkje noen stønad i tromsmål.

##### **Bestemt form fleirtal av inkjekjønnsord:**

Denne ordgruppa har hatt sideform på *-i*: *alle husi, alle taki*. Nemnda foreslår å ta ut i-forma, og det stør vi fullt ut. I-forma fins ikkje i tromsmål.

#### **3.1.4. EINTALSBØYING AV SVAKE HOKJØNNSORD**

##### **Ubestemt form eintal svake hokjønnsord:**

(19) Den svake hokjønnsforma på *-a* (*ei jente*) har vore sideform i nynorsk og lite brukt. Dette heng trulig saman med at det ikkje er noko problem å skrive *-e* i hokjønn på lik linje som i hankjønn ("ein hana" = *ein hane*) og inkjekjønn (*eit merke*). Denne forma heng imidlertid saman med både infinitiv på *-a*, og med *e/a*-målet som vi finn i Sør-Troms (*å kaste, ei jente*). Vi rår derfor til at hokjønnsforma med *-a* på lik linje med *a*-infinitiv blir ståande som likestilt form for å skape konsekvens i norma.

#### **3.1.5. REGELRETT FLEIRTALSBØYING AV SVAKE HOKJØNNSORD**

##### **Fleirtal av svake hokjønnsord:**

(20) Her har *-or, -one* vore sideform. Nemnda foreslår å ta desse formene ut, men vi meiner at desse formene kan få stå og vise sin livsrett. I søre Nordland er former med *-o* og *-u* mykje utbreidd i fleirtal av svake hokjønnsord, og dei er også brukta av forfattarar herifrå.

### **3.1.6. REGELRETT BØYING AV NOEN INKJEKJØNNSORD**

**auge, hjarte, øyre:**

Desse orda har hatt to bøyingsformer i nynorsk til nå, og nemnda foreslår å ta ut bøyingsforma *auga-auga-augo-augo*, og behalde den regelrette bøyingen *auge-auget-auge-auga*. Vi er glade for dette da ei slik forenkling har full stønad i tromsmålet.

### **3.1.7. FLEIRTALSBØYING AV NOEN ENKELTORD**

Vi står nemnda sitt forslag om å ta ut fleire ord frå norma (her markert med \*):

<b><u>mann:</u></b>	<i>menn/*menner</i>
<b><u>sko:</u></b>	<i>skoa /*skoi (sjå kommentar nedfor)</i>
<b><u>vom:</u></b>	<i>vomma/*vommi – vommer/*vemmer – vommene/*vemmene</i>
<b><u>lus:</u></b>	<i>lusa/*lusi – lus/*lyser – lusene/*lysene (sjå kommentar nedfor)</i>
<b><u>mus:</u></b>	<i>musa/*misi – mus/*myser – musene/*mysene (sjå kommentar nedfor)</i>
<b><u>mil:</u></b>	<i>mila/*mili – mil/*miler (sjå kommentar nedfor)</i>
<b><u>møbel:</u></b>	<i>møbelet/*møblet – møblar/*møbel – møblane/*møbli</i>

**(21)** I noen av tilfella er vi ueinige med nemnda, og vi meiner at følgande bøyingsformer framleis bør stå (og i to tilfelle bør nye former inn):

<b><u>feil:</u></b>	<i>feil/feilar – feila/feilane</i> : I tromsmål blir dette ordet bøydd som eit regelrett hankjønnsord, og formene <b>feilar</b> og <b>feilane</b> bør derfor takas inn i rettskrivinga.
<b><u>sko:</u></b>	<i>skoa /skoane</i> : I tromsmål blir dette ordet bøydd som eit regelrett hankjønnsord i bunden form fleirtal, og forma <b>skoane</b> bør derfor vurderas å takas inn i rettskrivinga.
<b><u>lus:</u></b>	<i>lus/luser</i> : I tromsmål blir dette ordet bøydd som eit regelrett hokjønnsord ("fleire luse"), og forma <b>luser</b> bør derfor takas inn i rettskrivinga på linje med forma <i>lusene</i> .
<b><u>mus:</u></b>	<i>mus/muser</i> : I tromsmål blir dette ordet bøydd som eit regelrett hokjønnsord ("fleire muse"), og forma <b>muser</b> bør derfor takas inn i rettskrivinga på linje med forma <i>musene</i> .
<b><u>mil:</u></b>	<i>mil/miler</i> : I tromsmål har vi betydningsskilnad mellom <i>mil</i> og <i>miler</i> i fleirtal.

### **3.1.8. – 3.1.9. FOLKENAMN OG INNBYGGJARNEMNINGAR**

**-ar:** I tromsmål er den vanligaste bøyinga av folkenamn og innbyggjarnemningar på –ar slik: "-ar – ar(e)n – era – eran", med ei veksling frå *a* i eintal til *e* i fleirtal: "*afganar* – *afganar'n* – *afganera* – *afganeran*".

### **3.1.10. VEKEDAGANE**

Vi står nemnda sitt forslag om å behalde vekedagane som før, sjølv om dei vanlige namna i tromsmål er: "søndag, mandag, ti(r)sdag, onsdag, torsdag, fredag, lørrdag".

### **3.1.11. INKJEKJØNNSORD PÅ TRYKKLETT –EL, -EN OG -ER**

Her har vi ingen kommentarar.

### **3.1.12. FREMMENDORD (IMPORTORD) PÅ –UM, -ON, -US OG -A**

Dette er i hovudsak lågfrekvente ord, og vi står forslaget frå nemnda her.

### 3.1.13 KJØNN I SUBSTANTIV PÅ -ING OG -NING

Vurderingane til nemnda samsvarar med tromsmål, og vi er einige i dei. I tromsmål er desse orda hokjønn: *demning, festning, forlegning, frysning, ladning, lysning, strekning*, mens desse er hankjønn: *bedding, munning*.

### 3.1.14 SUBSTANTIV MED NESTEN LIK FORM, MEN ULIKT KJØNN

Vurderingane til nemnda samsvarar med tromsmål, og vi er einige i dei: *blekksprut (m), krydder (n), truge (f)*

### 3.1.15. SUBSTANTIV PÅ -SEL/-SLE

Dette er jamt over lågfrekvente ord, men formene med -sel samsvarar best med tromsmål: *ferdsel/ferdsle, trengsel/trengsle, lengsel/lengsle, redsel/redslle, hengsel/hengsle, skremsel/skremslle, stengsel/stengsle*.

### 3.1.16. SUBSTANTIV PÅ -0/-ER

(22) Dette er jamt over lågfrekvente ord, men formene med -er samsvarar best med tromsmål: \**bakster/bakst, blomster, blåster/blåst, eter/ert, jester/jest, master/mast, rakster/rakst*. Vi bed derfor nemnda om å la desse orda stå i rettskrivinga: \**master /mast, rakster/rakst*

### 3.1.17. NOKRE SUBSTANTIV PÅ -VERE / -VÆR

Vi er einige i at etterstavinga -vere kan gå ut av rettskrivinga.

### 3.1.18. OG 3.1.19 KJØNN PÅ ENKELTORD

Nemnda vil ikkje gå inn på kjønn på ordet *dialekt* og ein del importord. Vi vil også vise til det vi har skrive ovafor om kjønn på ein del ord som nemnda alt har behandla. Sjå f.eks. 2.4 – merknad (18).

## 3.2 ADJEKTIV OG ADVERB

Generelt vil vi seie at vi er glade for at i-forma i inkjekjønn (*opi*) blir tatt ut, men vi er sterkt ueinig i at sideforma -lig blir fjerna, sjå 3.2.4. Vi ønsker også at det skal takas inn ein del bøyingsformer (*bortrast, nordst, sørst, ytrest*) og ordformer (*attfor, framfor, nedfor*), sjå 3.2.2.

### 3.2.1. ADJEKTIV PÅ -EN

Desse adjektiva har hatt sideform på -i i inkjekjøn (*opi, liti*), og nemnda foreslår å ta ut denne sideforma. Vi står forslaget. I-forma fins ikkje i tromsmål.

### 3.2.2 KOMPARATIV OG SUPERLATIV AV VISSE STADADVERB

Nemnda foreslår å ta ut noen komparativ-former (markert med \*). Vi står desse forslaga fordi dei foreslår kutta ikkje har grunnlag i tromsmål:

*bortre/\*bortare, nordre/\*nørdre, sore/\*syndre*

(23) Vi foreslår derimot desse likestilte formene i superlativ, dei er i bruk i tromsmål:

*bortast/ bortrast, nørdst/ nordst, synst/ sørst, ytst/yttarst/ytrest.*

### 3.2.3 SKRIVEMÅTEN AV EIN DEL PREPOSITIONAR OG ADVERB

Nemnda foreslår likestilte former i fleire ord. Dette forslaget står vi, særlig dei orda som fins i tromsmål, markert med **blått**:

*bortafør/bortanfor, heimafor/heimanfor, herfrå/herifrå, innaføre/innanføre, nordantil/nordatil, ovafor/ovanfor, utafor/utanfor.*

(24) I desse ord foreslår vi at det blir tatt med nye likestilte former:

*attafor/attanfor/attfor, framafor/framanfor/framfor, nedafor/nedanfor/nedfor*

### **3.2.4 SUFFIKS I ADJEKTIV OG ADVERB**

Nemnda foreslår både likestilte former og å ta ut ein del former. Ein del av forslag støttar vi, mens vi er sterkt ueinige i ein del andre. Her er noen kommentarar:

- ete /\*-et/\*-ut: Tromsmål har –at eller –åt: "trållat / trållåt"
- ig /-ug: Tromsmål har –i: "gjerrí"
- leg /\*-lig: (25) Nemnda foreslår at suffikset *-lig* (*dårlig*) blir sløyfa, og at *-leg* (*dårleg*) blir gjort til eineform. Dette er vi sterkt ueinige i. *-lig* er i fullt samsvar med tromsmål, og det er også eit suffiks som blir brukt av nynorskskrivande tromsværingar.
- rygga /\*-ryggja: Tromsmål har ikkje palatal g.
- skjegga /\*-skjeggja: Tromsmål har ikkje palatal g.
- veges /-vegs: Tromsmål har –i- for –g-: "sturveis / storveies"
- vortes /\*-vertes: Tromsmål har –vortes: "utvortes"
- vinn /-vint: Tromsmål har –vint: "lettvint"
- viljug /-villig: Tromsmål har –villi: "velvilli"
- øyra /\*-øra: (26) Nemnda foreslår også at sufikset *-øra* (*langøra*) blir tatt ut og at *-øyra* (*langøyra*) blir eineform. Dette er vi også ueinige i. I dette tilfellet er monoftong-forma den mest brukte i tromsmål, sjølv om dittong-forma også er i bruk, særleg blant eldre.
- øyrd /\*-ørt: Sjå kommentar ovafor.

### **3.2.5 ADJEKTIV MED OG UTAN BINDE-E**

Her har vi ingen kommentarar.

## **3.3. PRONOMEN OG DETERMINATIV**

Generelt er vi einige i å halde på formene i personlige pronomen, men skillet mellom subjekts- og objekts-form i 2. person fleirtal (*de-dykk*) voldar problem, og her ønsker vi ei forenkling, og helst med ordforma *dåkker* som ny form. Formene *hennes*, *annen* og *noen* ønsker vi å behalde.

### **3.3.1. PRONOMEN**

Generelt: Nemnda foreslår stort sett å behalde dei nåverande formene, men ta ut *honom* som form, slik at systemet blir: *eg – meg, du – deg, han – han, ho – ho/henne, det – det*; og i fleirtal: *me/vi – oss, de/dykk – dykk, dei – dei*.

de-dykk: (27) Pronomensystemet følger stort sett tromsmålet, men i 2. og 3. person fleirtal bryt det med tromsmål. Særlig skillet mellom subjekts- og objekts-forma i 2. person fleirtal (*de/dykk – dykk*) er vrien sia det ikkje fins noko slikt skille i tromsmål. Vi står derfor tanken om å prøve med forma *dåkker* både som subjekt- og objekts-form i fleirtal. I så fall trengs ikkje subjektsforma *dykk* å takas inn. Ordet bør skrivas med "å" for å skille det frå substantivet *ei dokke - fleire dokker*.

### **3.3.2. DETERMINATIV**

nokor, eigi: Nemnda foreslår å ta ut fleire former. Fleire av desse forslaga størt vi, bl.a. at formene *onnor, nokor og eigi* blir tatt ut.

hennes, annen, noen: (28) Fleire av dei formene nemnda foreslår tatt ut, har brei stønad i tromsmål og blant tromsforfattarar, og dei bør stå. Det gjeld desse: *hennar/hennes, annan/annen, noen – noen – noe – noen*. Det siste – *noen* – kan gjerne ha blanda bøyning med *nokon*.

### **3.4 VERB**

Generelt vil vi seie oss einig med nemnda som ønsker å forenkle infinitivsendinga (å hoppe/å hoppa), fjerne –er i presens av sterke verb (kjem/\*kjemer), fjerne fleire langformer (be/\*bede, by/\*byde), fjerne d-forma i supinum (han har kjent /\*kjend smerte). Vi er derimot sterkt ueinig med nemnda når det gjeld å fjerne refleksiv-former på –s (å finnast/\*å finnas), å fjerne te-former i j-verb (selde/\*selte) og å fjerne te-former i e-verb (ringde/ringte). Vi meiner også at i-forma i perfektum partisipp kan stå (har vore/\*har vori).

#### **3.4.1 INFINITIV**

Vi er einig med nemnda i at kløyvd infinitiv går ut. Vi finn restar av kløyvd infinitiv i innflyttarmål i Troms, men systemet er vanskelig å halde greie på, og det verkar forvirrande for dei som ikkje har det i sitt eige talemål. Vi er imidlertid skeptiske til at a-infinitiven skal få større rom blant brukarane.

#### **3.4.2 PRESENS PÅ [-ER] AV STERKE VERB**

Eitt av dei få orda i tromsmål som har –er i presens er "kåmmer" som er mest brukt blant unge, men "kjæm(m)" er også mykje i bruk. Dei fleste på landsbasis som har –er, har ikkje omlyd i presens, og derfor verkar systemet ulogisk. Vi står derfor at sideforma på –er blir tatt ut.

#### **3.4.3 PERFEKTUM PARTISIPP AV STERKE VERB PÅ -I**

I tromsmål endar desse verba på –e: *har vorre, har logge* (nyorsk: *har vore, har lege*). Prinsipielt meiner vi at e-forma er viktig å stø opp om, men vi registrerer at i-forma i supinum har stor utbreiing elles i landet.

#### **3.4.4 REFLEKSIV- OG PASSIVFORMER PÅ [-S]**

(29) Her har hovudforma vore med –st mens sideforma har vore med –s. Tromsmål har stort sett berre –s i desse verba, og vi ønsker derfor å behalde forma med –s som likestilt form, altså *finnast/finnas*.

#### **3.4.5 STERKE OG SVAKE VERB MED KORT OG LANG FORM I INFINITIV OG ANDRE DOBBELTFORMER**

(1) Nemnda foreslår å ta ut dei lange formene, og gjøre kortformene til eineformer. Desse formene har stønad i tromsmål, og vi står derfor dette forslaget. Det gjeld ord som: *be, bla, blø, dra, flø, gjø, gla, gle, gli, gni, ha, kle, lø, rå, skli, spa, ste, sva, svi, ta, tre, træ, va, vri*. Og dessutan: *gå, stå*.

Nemnda foreslår likestilte former i fleire ord, og dette er også ord som i tromsmål kan variere mellom kort og lang form: *by/byde, fly/flyge, fø/føde, glø/gløde, grø/grøde, la/late, li/lide, ri/ride, skri/skride, stri/stride*.

Eit par ord er foreslått med langform, også det i samsvar med tromsmål: *kvile, skade*.

(2) Noen verb har i dag både sterkt og svakt form i presens og perfektum partisipp i dag. Etter 3.4.2 skal –er i presens takas bort, og etter 3.4.3 skal perfektum partisipp på –i takas bort. For tromsmål er det viktig å halde på –r (svak bøyning) i presens og svakt perfektum partisipp. Desse verba skal halde fram med å ha valfri svak presens og svakt perfektum, slik at bøyning blir slik:

*bed/ber – har bede/\*bedi/bedd/bedt, byd/byr/byder – har bode/\*bodi/bydd/bydt, dreg/drar – har drege/\*dregi/drädd/dratt, flyg/flyr/flyger – har floge/\*flogi/flydd/flytt, glid/glir – har glide/\*glidi/glidd/glidt, gnid/gnir – har gnide/\*gnidi/gnidd/gnidt, lèt/lar – har late/\*lati/latt, lid/lir – har lide/\*lidi/lidd/lidt, rid/rir – har ride/\*ridi/ridd/ridt, sklid/sklir – har sklide/\*sklidi/sklidd/sklidt, skrid/skrir – har skride/\*skridi/skridd/skridt, strid/strir – har stride/\*stridi/stridd/stridt, svid/svir – har svide/\*svidi/svidd/svidt, tek/tar – har teke/\*teki/tatt, tred/trer/treder – har trede/\*tredi/tredd/tredt, vrid/vrir – har vride/\*vridi/vridd/vridt*

Elles har vi ingen kommentarar.

### **3.4.6 NOKRE TRADISJONELLE VERBFORMER**

- a. Vi er fornøydd med at *gå*, *stå* blir eineformer og at *gne/gi/gjeve* blir likestilte verbbøyingar og –former.
- b. Vi har ikkje noko imot at sideformene *[fær]-[fenge]*, *[slær]*, *[slæst]* blir tatt ut av rettskrivinga.
- c. Vi har ikkje noko imot at sideformene *[lagde] (av å legge)*, *[sagde] (av å seie)* blir tatt ut av rettskrivinga.

Elles har vi ingen kommentarar.

### **3.4.7 VERB MED PRETERITUM PÅ –DE ELLER -TE**

**J-verb:** (30) J-verba har i tromsmål –te i preteritum, og dette er i dag sideform i nynorsk. Vi står ikkje nemnda sitt forslag om å gjøre formene med -de til eineform. Dette vil gjøre at ei heil ordgruppe fjernar seg frå tromsmål. Vi foreslår derfor at alle verba i denne gruppa skal ha –te som likestilt form, bl.a. *selde/selte*, *valde/valte*. Dette er også i samsvar med at nemnda har foreslått likestilte former i: *fortalte/fortalte*, *talde/talte*, *smurde/smurte*, *spurde/spurte*. Slik kan vi få eit konsekvent system.

**E-verb:** (31) Nemnda foreslår at sideforma på –te i preteritum skal takas bort i dei fleste verba. Dette er vi sterkt ueinige i fordi desse orda har –te i tromsmål. Det gjeld bl.a. desse: *hengde/hengte*, *lengde/lengte*, *ringde/ringte*, *slengde/slengte*, *sprengde/sprengte*, *stengde/stengte*, *trengde/trengte*, *hende/hendte*, *sende/sendte*, *vende/vendte*, *drøymde/drømte*, *gløymde/glømte*, *gøymde/gjørme*, *skremde/skremte*, *strøymde/strømte*. Dette er også i samsvar med at nemnda foreslår at det skal vere liksetilte former i desse orda: *bestemde/bestemte*, *dømde/dømte*, *limde/limte*. Her bør vi ha eit konsekvent system med likestilte former på –te i alle desse verba.

**svømme:** Vi synes det er positivt at ordet *svømme*-*svømde/svømte* blir tatt inn i i tillegg til symje.

### **3.4.8 [-D]-BORTFALL I INKJEKJØNNSFORMA AV PERFEKTUM PARTISIPP**

Nemnda foreslår at sideforma på –d fell bort, og at forma på –t blir eineform: *han har kjent* smerte. Forma på –t er i samsvar med tromsmål, og vi står derfor dette forslaget. Dette må imidlertid få konsekvensar for –te i j-verb og e-verb, sjå ovafor.

### **3.4.9 BØYING AV NOEN ENKELTVERB**

Tromsmål har ein del ord med blanda bøyning ( å bruke – brukta/brukte), og vi er glade for at ei slik blanda bøyning blir tillatt.

## **3.5 SAMSVARSBØYING**

### **3.5.1 SAMSVARSBØYINGAV PERFEKTUM PARTISIPP I PREDIKATIV STILLING**

**Samsvarsbøyning svake verb:**

Desse verba har ikkje samsvarsbøyning i tromsmål, med eit lite unnatak av fleirtalsforma som ein sjeldan gong kan høras. Vi står forslaget om å gjøre samsvarsbøyninga valfri: *Han er kjend / kjent*. *Dei er kjende / kjent*. Men vi gjør merksam på det vi skreiv ovafor om –te i svake verb.

### Samsvarsbøyning sterke verb:

(32) Tromsmål har samsvarsbøyning av sterke verb, men bøyingsystemet er litt annleis enn i nynorsk:

Hankjønn: "Fåssen e fråssen"      "enn fråssen fåss"

Hokjønn: "Ælva e fråssen."      "ei fråssen ælv"

Inkjekjønn: "Vatne e fråsse/fråssent"      "ett fråssent bær" (bær er helst hokjønn)

Inkjekjønn: "Grein'n e fråssen"      "fråssne greine"

Former med -ø- er også i bruk i tromsmål i dette ordet ("frøsen/frøsseen"), former med kort slyd er også i bruk: "Fåssen e fråsen", og: "enn fråsen fåss".

(33) Nemnda foreslår at sterke verb skal ha obligatorisk samsvarsbøyning, valfriheita fell ut. Vi meiner at det enten må vere valfreiheit i samsvarsbøyning av sterke verb, eller så må ein del former takas inn. Vi meiner nemnda bør vurdere ei alternativ form i inkjekjønn av sterke verb som også samsvarar med den valfrie forma i adjektiv på -en:

Inkjekjønn: Vatnet er **frosent**      eit **frosent** bær

### 3.5.2 SAMSVARSBØYING AV SVAKE PARTISIPP AV STERKE VERB

Her har vi ingen kommentarar.

### BØYING AV NOEN ENKELTVERB

I eit tidligare framlegg drøftar nemnda separat noen enkeltverb. Dei formene som nemnda foreslår samsvarar stort sett med den "valfridommen" som gjeld i tromsmål:

brøyte: I tromsmål har dette verbet både -tte og -a: "brøytte / brøyta"

eige: I tromsmål har dette verbet både sterk og svak bøyning: "eie (pres.) – åtte / eidde – har eidd"

lade: I tromsmål har dette verbet både -dde og -a: "ladde / ladda – har ladd / ladda"

merkje: I tromsmål har dette verbet ikkje palatalisering og både -te og -a: "merkte/merka – har merkt/merka"

nyte: I tromsmål er dette verbet stort sett sterkt, men kan også ha svak bøyning: "nyte/nyt – nytte/naut – har nytt/har nøtte"

skade: I tromsmål har dette verbet både -dde og -a: "skadde/skada – har skadd/skada"

strekke: I tromsmål har dette verbet ikkje palatalisering, og jamt over -æ- i rotstammen: "strække – har strækkt"

svekkje: I tromsmål har dette verbet ikkje palatalisering, og både -te og -a: "svekte/svekka – har svekt/svekka"

## II. TROMSNORMALEN – OG NYNORSK I TROMS

### 1. Fins det ei regional form for nynorsk i Troms?

Omgrepet "tromsnormalen" refererer til dei valfrie nynorskformene som ligg nærmast tromsdialektane, her held vi unna innflyttarmåla i Bardu og Målselv. Det var særlig forfattaren Lars Berg som i 1930-åra og fram mot 1960 lanserte begrepet "tromsnormal", men begrepet blei første gong tatt i bruk av nynorskbrukarar i Troms rundt rettskrivinga av 1917 da Vilhjelm Riksheim (1920) skreiv ein artikkel om "Maalet i Troms fylke". Dette dialektperspektivet har også vore halde fram av andre språkgranskurar. Ingeborg Hoff (1961) skreiv i 1961 på oppdrag av Hadsel mållag ei samanlikning mellom hadselmål og nynorsk, og Finn Myrvang gav i 1973 ut ei auka utgåve av Birger Martinusen sitt hefte *Målet i Bø*, der bødialekten også blei samanlikna med nynorsk. Den same tråden har Kåre Elstad (1980) tatt opp. Vi finn også denne tankegangen som eit grunnlag for læreboka *Nordlig nynorsk* av Roger Lockertsen (1985).

Ein gjennomgang av ein del aktuelle valfrie former i nynorsknormalen vil vise ka som ligg i omgrepet tromsnormal. Oversynet nedfor er basert på dei nemte forfattarane ovafor og fleire nordnorske nynorskbrukarar (**raudt** markerer tradisjonelle former, mens **blått** markerer tromsnormalen, **utheva** markerer former der tromsnormalen ikkje skil seg frå tradisjonell nynorsk).

SPRÅKOMRÅDE	Tradisjonell nynorsk	Tromsnormal
<b>1. VOKALAR</b>		
e / i	<b>e:</b> fekk, gje / gjeve, gjekk, vete	<b>e/i:</b> fekk / [fikk], <b>gje/gi</b> , <b>gjekk</b> / [gikk], <b>vete</b> / vite
å / a	<b>å:</b> åleine, [ålmenn] då, endå, fåre, klår	<b>a:</b> aleine, allmenn, da, enda
e / a	<b>e:</b> berre	<b>e/a:</b> <b>berre</b> / [bare]
a / e	<b>a:</b> anten, framand	<b>e:</b> [enten], fremmend
a / o	<b>a:</b> vald	<b>o:</b> [vold]
o / å	<b>o:</b> no, tole, enno, drope	<b>o/å:</b> <b>no</b> / [nå], <b>eno</b> / [ennå], tåle, dråpe
e / ø	<b>e:</b> gjere	<b>ø:</b> <b>gjere/gjøre</b>
u / o	<b>u:</b> skule	<b>o:</b> skole
y / ø	<b>y:</b> fyrst, [fylgje], sysken, syster	<b>ø:</b> først, følgje, [søsken], [søster]
<b>2. DIFTONGAR</b>		
au / ø	<b>au:</b> draum, naud	<b>au/ø:</b> [drøm], [nød]
øy / ø	<b>øy:</b> høyre, køyre, trøytt, døy, gøyme, gløyme, øyre	<b>ø:</b> høre, kjøre, trøtt, [drømme], døy / [dø], [gjømme], [glømme], [øre]
<b>3. KONSONANTAR</b>		
Enkel (K) konsonant / dobbel (KK) konsonant	<b>K:</b> brot, skot, kome, [døme], bøn	<b>KK:</b> brott, skott, komme, dømme, bønn
med j / utan j	<b>med j:</b> å ringje, syngje, ønske, tenkte, byggje, legge, setje, sitje	<b>utan j:</b> å [ringe], [syngje], [ønske], [tenke], [bygge], [leggje], [sette], [sitte]
utan j / med j	<b>utan j:</b> line	<b>med j:</b> linje
kv / k	<b>kv:</b> kvifor, kven, kva	<b>k:</b> korfor, *kem, *ka (tillate 1938-59)
<b>4. SUBSTANTIV</b>		
Svakt hokjønn, eintal	<b>-a/e:</b> ei jente / [ei jenta]	<b>-a/e:</b> [ei jenta] / <b>ei jente</b>
Svakt hokjøn, fleirtal	<b>-er/-or:</b> jenter / jentor	<b>-er:</b> jenter
Sterkt hokjønn, eintal	<b>-i:</b> [den skåli]	<b>-a:</b> den skåla
Inkjekjønn fleirtal	<b>-i:</b> [dei problemi]	<b>-a:</b> dei problema
Noen svake inkjekjønn	<b>-a, -o:</b> eit auga, fleire augo, dei augo	<b>e, -e, -a:</b> eit auge, fleire auge, dei auga
<b>5. ADJEKTIV, ADVERB</b>		
leg / lig	<b>-leg:</b> därleg, truleg, mogeleg, særleg, tidleg	<b>-lig:</b> [dårlig], [trulig], [mulig], [særlig], [tidlig]
<b>6. PRONOMEN, DETERMINATIV</b>		
me / vi	<b>me</b>	<b>vi</b>

SPRÅKOMRÅDE	Tradisjonell nynorsk	Tromsnormal
noko / noe	<b>noko:</b> noko, nokon, nokre	<b>noe:</b> [noen, noe, noen]
<b>7. VERB</b>		
Infinitiv	<b>a-infinitiv:</b> koma, vera	<b>e-infinitiv:</b> komme, vere
Passive verb (st-verb)	<b>-st:</b> å synast, synest, syntest, synst	<b>-s:</b> [å synas, synes, syntes, syns]
Svake e-verb	<b>-de:</b> dømde, førde, sende, spurde	<b>-te:</b> [dømte], førte, [sendte], spurte
Perfektum partisipp	<b>-i:</b> har vori, har biti, har broti	<b>-e:</b> har vore, har bite, har brote
Sterk eller svak partisipp	<b>sterk:</b> har bede, drege, [fenge], late, golde, slege, teke	<b>svak:</b> har bedd/bedt, [dradd/dratt], fått, [latt], gjeldt, slått, [tatt]
<b>8. ORD, UTTRYKK</b>		
verte / bli	<b>verte:</b> verta, vert, vart, ha vorte	<b>bli:</b> bli, blir, blei, har blitt
sin-genitiv	<b>preposisjon:</b> fylkesleiaren i Ap <b>s-genitiv:</b> Aps fylkesleiari <b>samansetting:</b> LO-konferansen	<b>sin-genitiv:</b> LO sin konferanse, Ap sin fylkesleiari
Enkeltord	<b>"tradisjonelle":</b> att, døme, korkje, kring, lagnad, oppmode, råke, samstundes, sidan, stogge, stova, tilhøve, tilråding, trygging, ureining, vitje, von, åtak	<b>"moderne":</b> igjen, eksempel, verken, rundt, skjebne, oppfordre, treff, samtidig, sia, stoppe, stua, forhold, anbefaling, sikkert, forureining, besøke, håp, angrep

## 2. Tromsnormalen og Lars Berg

Det var særlig forfattaren Lars Berg som arbeidde for ein nordnorsk nynorsk, og det var han som i 1930-åra lanserte begrepet tromsnormal, han arbeidde også for denne normalen heilt fram til 1960-talet både gjennom målrørla og i sin eigen litterære produksjon. Ein liten studie av ei tilfeldig valt bok, *Og landet tok til å leve* (1939/1977), kan vise litt korleis Lars Berg i praksis gjennomførte denne rettskrivinga. (\*raudt er tradisjonelle former, mens blått markerer tromsnormalen, utheva markerer former der tromsnormalen ikkje skil seg frå tradisjonell nynorsk):

SPRÅKOMRÅDE	Lars Berg: <i>Og landet tok til å leve</i> , Tiden Norsk Forlag 1939/1977 (s.7-17)
<b>1. VOKALAR</b>	
e / i	<b>e:</b> gjekk 7 8 9 9 10 11 11 12 13 13 13 14 14 15 15 17 17 17 17; fekk 9 9 9 9 12 13 13 13 14 15 15 16 16; vete 9 12 <b>e:</b> hadde skreve 8 9
å / a	<b>a:</b> da 8 9 9 11 12 13 14 17 17 17 17 <b>å:</b> klårt 16 (dialekt)
e / a	<b>a:</b> bare 9 13 15 14 enda 15 <b>e:</b> stuva samen 11 sitte sammen 13 stima samen 13 slått seg sammen 16 16 tilsamen 17
e / æ	* <b>æ:</b> være 7 12 13 17 værlaget 15 <b>e:</b> finver 17 noe til ver 17 godver 17 finveret 17
a / e	(ingen eksempel)
a / o	(ingen eksempel)
o / å	<b>o:</b> no 8 13 15 [=som dialekten i nord-Troms]
o / ø	<b>o:</b> foredragshaldar (en) 8 9 11 13 14 15 foredraget 9 9 foredrag 16 gå for seg 9 foreslått hadde for seg 14 <b>ø:</b> føreslo 11 12 føreslå 12 føreslår 12
e / ø	<b>e:</b> gjere 8 kunngjere 9 [=eldre tromsmål]
u / o	<b>u:</b> stuene 7 stua 11 16 kvar stue 17 <b>o:</b> skolen 16
y / ø	<b>ø:</b> næste 7 første 7 8 9 16
y / u	<b>y:</b> styggveret 7
<b>2. DIFTONGAR</b>	
au / ø	<b>au/ø:</b> reine nøa 9
øy / ø	<b>ø:</b> høre 8 9 11 14 hørte 10 11 15 17
<b>3. KONSONANTAR</b>	
Enkel (K) konsonant /	<b>KK:</b> fokket 7 gløppet 7 komme 8 skjønne 9 samvettet 10 dei fattige 10 hammar 11

SPRÅKOMRÅDE	Lars Berg: <i>Og landet tok til å leve</i> , Tiden Norsk Forlag 1939/1977 (s.7-17)
dobbel (KK) konsonant	venn 11 gammalmannsynet 16 komme 17 ein settel 17 <b>K:</b> <b>kjøkenet</b> 11 [=eldre tromsmål], sat 7
med j / utan j	<b>utan j:</b> kreve 8 8 9 sitte 8 11 12 13 sette 8 11 17 tenke 10
utan j / med j	(ingen eksempel)
kv / k	* <b>k:</b> ka 8 [dialektreplikk]
d / 0	<b>0:</b> sia 13
g/0	<b>0:</b> trua 14
<b>4. SUBSTANTIV</b>	
Svakt hokjønn, eintal	<b>-e:</b> på si side 9 ei kvige 11
Svakt hokjøn, fleirtal	<b>-er, -ene:</b> skøyten 11
Sterkt hokjønn, eintal	<b>-a:</b> tida 8 bygda 14 saka 16
Inkjekjønn fleirtal	<b>-a:</b> dei siste åra 8 16 blada 14 med makta i alle åra 16
Noen svake inkjekjønn	<b>e, -e, -a:</b> auga 12
<b>5. ADJEKTIV, ADVERB</b>	
leg / lig	<b>-lig:</b> tydelig 7 vanlig 7 skikkelig 7 alvorlig 7 10 verkelig 8 12 12 alvorligare 10 tydelig 10 10 nemlig 13 særlig 13 farlig 14 kristelig 14 utførlig 14 borgarlige 14 15 nemlig 14 dei borgarlige (sic) 16 <b>-leg:</b> tidlegare 7 verkeleg 7 særleg 9
<b>6. PRONOMEN, DETERMINATIV</b>	
me / vi	<b>vi:</b> vi (fl ggr)
noko / noe	<b>noe:</b> noe 8 9 9 noen 8 8 12 14 15
deira – deres	* <b>deres:</b> blikka deres 9 ein av predikantane deres 16
dei / dem	<b>dei:</b> Ei overvekt av <i>dei</i> men fleire eksempel på <i>dem</i> * <b>dem:</b> frå dem 11 med dem 12 mellom dem 12 kring dem 13 opp på dem 13 som dreiv dem 15 etter dem 15 i dem 16 han bad dem 17
dåkker	<b>dokker:</b> har dokker sett... 15 (dialekt-tale)
<b>7. VERB</b>	
Infinitiv	<b>e-infinitiv:</b> rope 8 kreve 8 8 9 sitte 8 sette 8 vete 9 tenke 10 måtte sitte 11 å begynne 11 å seie 12 vete 12 skulle skipe 12 skulle være 12 å agitere 12 kunne 12 ville svare 13 arbeide 13 ville være 13 skulle sitte 13 å ting 13 dele 13 halde 13 17 kunne tale 14 å rope 14 14 15 å høre 14 måtte halde 14 arrestere 14 måtte 15 ting 15 skrive 15 lage 15 å drive 16 betale 16 å uroe 17 å snakke 17 kunne komme 17 å stryke 17 å sette 17 drive 17 komme 17
Passive verb (st-verb)	<b>-s:</b> han mintes 13 skulle prentes 13 da spurtes det 15 <b>-s:</b> skulle skipast 9
Svake e-verb	<b>-t, -t:</b> kjente 7 11 12 han vart vald 7 dei nyvalte medlemma spurte 8 8 9 11 15 17 hendte 9 sendt 10 stirte 12 svarte 12 kunne ikkje nekte 13 hadde hendt 13 følgte 14 den kjente heidersmannen 14 vart følgt 14 selte 16 sendte 16
Perfektum partisipp	<b>-e:</b> hadde vore 7 11 15 17 hadde skreve 9
Sterk eller svak partisipp	<b>svak:</b> hadde slått 8 16 hadde sett 8 hadde gitt 8 dei hadde late 12 fleire vart foreslått 12
Samsvarsbøyning – svake verb	<b>Eintal:</b> han vart vald 13 Harald vart vald 16 <b>Fleirtal:</b> mange var sinte på han 10 fleire vart foreslått 12 dei var samde 13
Samsvarsbøyning – sterke verb	<b>Hankjønn:</b> lensmannen var kommen 10 er han kommen hit 11 lensmannssonan var kommen 15 <b>Hokjønn:</b> (ingen eksempel) <b>Inkjekjønn:</b> (ingen eksempel) <b>Fleirtal:</b> blada var utslitne 13
<b>8. ORD, UTTRYKK</b>	
verte / bli	
sin-genitiv	* <b>s-genitiv:</b> bygdas storblad 9
Enkeltord	<b>"eldre" ord:</b> andletet 7, snøgt 7 att 7 <b>"moderne" ord:</b> mye 8 9 <b>nordnorske ord:</b> lensmannshuva 10

### 3. Er tromsnormalen tatt i bruk av forfattarar i dag?

Vi skal her sjå på to forfattarar frå Troms for å sjå om dei bruker ein nynorsknormal som avvik frå eller samsvarar med tromsnormalen. Vi har valt å bruke dei to forfattarane Eva Jensen (2003) frå Salangen i Troms og Kine Hellebust (2005) frå Harstad i Troms. Resultatet er slik (**raudt** er tradisjonelle former, mens **blått** markerer tromsnormalen, **utheva** markerer former der tromsnormalen ikkje skil seg frå tradisjonell nynorsk):

SPRÅKOMRÅDE	Eva Jensen: <i>Gullkunde</i> (s.7-21)	Kine Hellebust: <i>Ho Kirsti og eg</i> (s.7-43)
<b>1. VOKALAR</b>		
e / i	<b>i:</b> fikk, gikk	<b>e:</b> derfor, <b>fekk</b> <b>i:</b> gir
å / a	<b>å:</b> då, endå, klår <b>a:</b> vere klar	<b>a:</b> aleine
e / a	<b>e:</b> berre	<b>e:</b> berre
a / e	(ingen eksempel)	(ingen eksempel)
a / o	(ingen eksempel)	(ingen eksempel)
o / a	(ingen eksempel)	(ingen eksempel)
o / å	<b>o:</b> enno, no	<b>o:</b> no, enno
e / ø	<b>e:</b> gjere	<b>e:</b> gjere
u / o	(ingen eksempel)	<b>o:</b> sommar
y / ø	<b>ø:</b> mørket	<b>ø:</b> første, søskenbarn
<b>2. KONSONANTAR</b>		
Enkel (K) konsonant / dobbel (KK) konsonant	<b>KK:</b> sitt (verb), kjøtt, gammal, romma, venninna	<b>KK:</b> sitt (verb), sett (verb), skremme, gammal, å komme, kjøkkenet
med j / utan j	<b>med j:</b> tenkjer <b>utan j:</b> hører, kjører, drømte, strømde	<b>utan j:</b> sløkker, trenger inn, rykke ut, stenge
utan j / med j	(ingen eksempel)	(ingen eksempel)
kv / k	(ingen eksempel)	(ingen eksempel)
<b>3. DIFTONGAR</b>		
au / ø	<b>ø:</b> drøm, rød	<b>au:</b> raude, hungersnaud
øy / ø	<b>øy:</b> trøytt, storøyrd	<b>ø:</b> dødd, gjømmer, glømt, høre, hører
<b>4. SUBSTANTIV</b>		
Svakt hokjønn, eintal	<b>-e:</b> ei jente, kappe, ei stille, ei gate	<b>-a:</b> ei apa, (ei) ny strømpebuksa
Svakt hokjønn, fleirtal		<b>-er:</b> jakkene, damene
Sterkt hokjønn, eintal	<b>-a:</b> bygda, mora. molda	<b>-a:</b> døra, elva, mora, trappa
Inkjekjønn fleirtal	<b>-a:</b> barna, lysa, borda, glasa	<b>-a:</b> trinna
Noen svake inkjekjønn	<b>e, -e, -a:</b> auge (eintal)	<b>e, -e, -a:</b> auga (fleirt), øyra (fleirt)
<b>5. ADJEKTIV, ADVERB</b>		
leg / lig	<b>-leg:</b> herleg, plutseleg, roleg, underleg, usynleg <b>-lig:</b> kjøligare	<b>-lig:</b> hemmelig, fryktelig, plutselig, tidlig
<b>6. PRONOMEN, DETERMINATIV</b>		
me / vi	(ingen eksempel)	(ingen eksempel)
noko / noe	<b>*noko:</b> noko, nokon, nokre	<b>*noko:</b> noko <b>noe:</b> noen
<b>7. VERB</b>		
Infinitiv	<b>e-infinitiv:</b> dette, seie, spasere	<b>e-infinitiv:</b> leike, vere, øve
Passive verb (st-verb)	<b>-st:</b> finnast, finst, hørest	<b>-st:</b> undrast, finst
Svake e-verb	<b>-de:</b> fortalte <b>-te:</b> kjente	<b>-te:</b> spent, hengt, fortalt
Perfektum partisipp	<b>-e:</b> har vore	(ingen eksempel)
Sterk eller svak partisipp	(ingen eksempel)	(ingen eksempel)
<b>8. ORD, UTTRYKK</b>		
verte / bli	(ingen eksempel)	(ingen eksempel)
sin-genitiv	<b>s-genitiv:</b> naboen's veranda, tapet's synsvinkel, farens tur	(ingen eksempel)

SPRÅKOMRÅDE	Eva Jensen: <i>Gullkunde</i> (s.7-21)	Kine Hellebust: <i>Ho Kirsti og eg</i> (s.7-43)
Enkeltord	<p><b>"tradisjonelle"</b>: att, medan, røysta, setlane, sidan</p> <p><b>"moderne"</b>: ansikta, bildet, hodet, hellige, igjen, stanse, stoppar, vinduet</p>	<p><b>"tradisjonelle"</b>: attom, att og fram, attmed, hovudet, sidan, vindaugen</p> <p><b>"moderne"</b>: ansiktet, hau, kjerka, Norges, stua</p>

Denne vesle undersøkinga frå to aktive nynorskforfattarar frå Troms viser at dei i svært stor grad tar i bruk dei formene innafør nynorsk som ligg nærmast opp til dialekten i Troms, det vi kan karakterisere som tromsnormal. Avvik finn vi berre på noen få punkt. Det gjeld st-form av passive verb, "-leg" i staden for "-lig" hos den eine av forfattarane, og noen tradisjonelle ord. I tillegg er det eit fåtal ord som vi kan karakterisere som tradisjonelle, men som i stor grad bygger på forfattarane sitt talemål.

#### **4. Litteratur:**

- Berg, Lars 1939, 1977: *Og landet tok til å leve*. Oslo: Tiden Norsk Forlag
- Elstad, Kåre 1980: *Nokre strøtankar om nordnorsk talemål og nynorsk skriftmål*. Side 1-21 i: *Nordnorsk nynorsk*, nr 2 november 1980. Tromsø: Troms fylkesmållag.
- Hellebust, Kine 2005: *Ho Kirsti og eg*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Hoff, Ingeborg 1961: *Målet i Hadsel*. Hadsel Mållag.
- Jensen, Eva 2003: *Gullkunde*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Lockertsen, Roger 1985: *Finnmark og Troms. Dialekt og nynorsk. Hjelpebok for nynorskopplæring*. 2. utgåve. Tromsø: Universitetsforlaget.
- Myrvang, Finn 1973: *Målet i Bø*. Auka utgåve ved Finn Myrvang. Bø i Vesterålen: Bø bygdelag.
- Riksheim, Vilhjelm 1920: Maaleet i Troms fylke (Troms-maal). Side 42-48 i: *Trums fylkesmållag 1915-20*. Harstad: Trums fylkesmaallag

## **III. AVSLUTNING OG OPPMODING**

Vi håper rettskrivningsnemnda diskuterer særlig dei 33 punkta der vi er ueinige i forslaget. Vi ser det som viktig at flest mulig av dei blir retta opp, særlig gjeld dette bøyningssystem og ordgrupper som omfattar fleire ord, men òg høgfrekvente og "markerte" ord.

**Vennlig helsing  
Harstad og omland mållag**

*Magne Heide, leiar*